



Veve 24, 15. juni 2022



Ti medlemer hadde tatt turen til *en av Vestfolds kystens perler* - *Nevlunghavn*, som president Tor uttrykte det i innkallinga til møtet. Der møtte vi representantar for dei lokale - ekte-paret Mette Kristine Sand og Knut Thors-tensen. Mette er medlem i Grenland RK og Knut i Stavern RK.

Knut fortalte at Nevlunghavn har ei historie tilbake til 1300-talet, som fiskevær. Vel heime las eg i *Norsk stadnamnleksikon* at staden er opp-kalt etter garden Nevlungen, først kjend i skrift rundt år 1400, i forma i *Niflungum*. *Niff*- er norrønt for 'mørker, skodde'.

På 1600-talet blei staden også loshamn. Losane sat på det 44 meter høge Havneberget og speida etter båtar som trong los. Dit opp gjekk vi òg, og beundra utsikta og fekk vite meir om alt vi såg - som segna om jotnane på Jomfruland som hadde kasta den store steinen som ligg på holmen på biletet.

Som takk for omvisinga overrekte Steinar Skilhagen ekteparet det flunkande nye turkartet over Bamble. Han kunne samtidig pre-

sentere ein liten Tigris: For nokre dagar sidan blei han bestefar til ei vedunderleg lita jente. Vi gratulerer! - Ein liten gjeng avslutta møtet på restauranten *Havaristen*. Vertane sit til venstre.

Langesund 17. juni 2022, Rolf Theil.

